

NVE - Konesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

14.08.11

Erik Seime
St Jørgensgt 6
5018 BERGEN

Innlegg mot utbygging av delar av Storelva i Breim.

Etter å ha lese og sett på planane til Breim Kraft, blir eg bekymra for elva og kritisk til planane ved ei slik stor utbygging, både når det gjeld inngrepa i naturen og konklusjonane dei har kome fram til i konsekvensutgreiinga.

Eg har derfor ein del kommentarar til nokre av avsnitta i "informasjonsbrosjyre" frå Mars 2011 Breim Kraft har laga.

Landskap:

Å nærmast tørrelegge ei så stor elv store delar av året har eg store problem med å skjønne at blir sett på som små konsekvensar. Det er delar av elva som har ei tett kantsone av lauvtre, men det er også delar av elva, då spesielt nedste delen av elva som eg synleg frå store delar av bygda. Spesielt på Seime, men også lenger oppe i bygda som Sårheim og Skinlo er denne delen godt synlig, osen er synleg for store delar av nedre Breim. For camping plassen på Reed vil det også bli merkbart, ikkje berre synlige, men også lyden av elva og elvetrekken som er spesiell ved ei så stor elv. Eg vil tru at dei som har campingvogn ståande fast stasjonert på Reed camping har valt denne plassen også grunna naturen med elv og vatn som er på tre av fire kantar av camping plassen.

Ved bygging av veg og tunnel vil det som dei skriver gjeve sår i landskapet, det er her eit bratt terreng og då vere ekstra synlig når ein kjem frå vest, og frå båtar på vatnet. Der det er planlagt kraftstasjon i dag er det uberørt natur om ein ser vekk i frå vegen som går til Årdalen. Ved bygging av ein slik veg og tunnel, vil det bli enorme mengder med stein, og om dette blir eit massedeponi på land vil det bli ei stor fylling og *stort* inngrep.

Det er derfor uforståeleg at Breim Kraft konkluderar med liten negativ konsekvens på dette punktet.

Kulturminne og kulturmiljø:

Sitat frå informasjonsbrosjyre: "den føreslegne minstevassføringa er vurdert som tilstrekkelig for å oppretthalde dei viktigaste kvalitetane i kulturlandskapet langs elva".

Etter mitt syn er elva og osen eit kulturminne som for all ettertid vil bli øydelagt dersom det blir utbygging som søkt om, dette bør tenkjast grundig gjennom med tanke på etterkomarane som skal busette seg i denne bygda. Det er ei mektig elv som har betydning for livet langs elva og rundt osen spesielt. Det er også eit mektig syn ved utløpet til vatnet, spesielt på våren med den store snøsmeltinga som kan sjåast langt ut på vatnet.

Mykje av dette vil forsvinne heilt eller delvis ved ei utbygging.

Så eg ser også på dette som ein stor negativ konsekvens.

Jord og skogbruk:

Eg ser her at Breim Kraft A/S meiner dette vil styrkje næringsgrunnlaget for bøndene og gjeve dei ei vesentleg inntektsauke, og dette på sikt vil vere positivt for busetnaden i dalføret. Dei meiner det vil ha ei utelukkande positiv verknad for landbruket i dette området.

At det er ei vesentleg inntektsauke for gardbrukarane er *ikkje* utelukkande positivt slik eg kan sjå det, det har vist seg andre stader at ei slik inntekt i somme høve blir hovudinntekta på garden, og dei etter ei stund legg ned drifta på garden.

Dette vil vere svært uheldig for bygda, og vere negativt for bygda då det vil kunne få ringverknadar for alle som yter service og sal til landbruket. Vi vil og kunne risikere ei fråflytting frå gardsbruk om dei ikkje driv garden, men likevel har kraftinntekter på garden.

Næringsliv, sysselsetjing, tenestetilbod og kommunal økonomi:

Her er det kortsiktig positiv effekt på næringslivet då det kunn er snakk om 10-12 årsverk under anleggsfasa. Det vil i ettertid bli lite eller ingen sysselsetjing i lokalmiljøet då grunneigarane sjølve skal halde vedlikehald og ettersyn.

Kommunen vil få ca 1,6-1,7 millionar pr. år i driftsfasen, ved ei redusert utbygging som ikkje fjernar nedre del av elva samt osen vil det kanskje bli mindre inn til kommunen. dette er uansett pengar som kommunen pr. dags dato ikkje har, og vil derfor vere ein "bonus" for dei om dei får. Eg meiner dei burde kunne klare seg utan delar av desse kronene om det fører til betre trivsel og aktivitet rundt elva/ osen og i bygda som det er i dag.

Eg stiller meg uforståande til kommunen brukar mange titalsmillionar på å byggje ein kunstig "trivselhage" på Sandane, og på same tid fjerne ein naturlig "trivselhage" i Breim, som trekkjer til seg bygdefolk og tilreisande frå store delar av vestlandet for å prøve fiskelukka. Det er heller ikkje god økonomi i å skremme turistane vekk frå denne plassen, handelsstanden på Reed og i Gloppen vil ikkje kunne tene pengar på turistane når dei takkar for seg og finn nye fiske/ ferieplassar utanfor kommunen.

So kan ein stille seg spørsmålet om det er riktig at nokre få grunneigarar skal frårøve heile bygda ei elv eller delar av elva og utmark for kunn sjølv å berike seg på dette.

Friluftsliv og reiseliv:

Ei utbygging av Storelva vil påverke fiskemoglegheitene i osen betydeleg, det er i dag ein lang og god fiske sesong i heile sommarhalvåret, denne vil bli betydeleg redusert ved ei utbygging av nedre del av Storelva. Dette vil eg påstå er dramatisk då det dagleg er fleire fiskarar som prøvar lukka, og ofte lukkast med å få fisk.

Elvepadling er også nemnt som eit punkt i tillegg til fiske, denne moglegheita vil bli tilnærma umogeleg. Dette vil også få konsekvensar for Nordfjord Folkehøgskule som brukar elva til padling.

Som tidlegare nemnt vil dette også sannsynlegvis få konsekvensar for reiselivet i kommunen om ein fjernar delar eller "heile" elva og legg den i tunnel.

Strekket frå Seime bru og ned til utløpet er også ein mykje brukt tur veg, då denne går langs elva og ned til campingen, og vi skal i den samanheng ikkje gløyme dei friluftsmenneska som

likar å nyte naturen og sanke inntrykk i staden for fisk. Å sitte å nyte naturen kan vere god rekreasjon og avkopling for svært mange i ein hektiske kvardag.

Avslutning:

Eg har her komt med ein del synspunkt eg meiner er viktige i ei så stor og viktig sak som dette er for bygda Breim og tilreisande turistar. Eg ser at vi har behov for rein kraft, men ikkje for ein kvar pris, vi må tenke grundig gjennom kva vi gjer med naturen og jorda som vi disponerar ei kort tid før etterkomarane skal overta etter oss. Vi må derfor forvalte riktig og gjeve dei mogelegheita til å få vekse opp i ei levande bygd der naturen også lever. Vi bør derfor ikkje kutte av elva, "hovudpulsåra", slik som Breim Kraft A/S vil, og sleppe den ut i vatnet ein heilt anna plass enn den høyrer heime, eg for min eigen del hadde nok ikkje vore mykje til kar dersom dei hadde kutta mi hovudpulsåre og lagt den om til låret for å få betre kapasitet i foten.

Ein bør sjå på alternative utbyggingar med ev. fleire små kraftstasjonar langs elva eller kortare tunnel for å kunne bevare nedre del av elva, samt osen. Å byggje kraftverk virkar ofte for meg meir som ein trend enn fornuftig investering, trendar snur ofte, og det er då viktig å vere førevar! Når dette er bygd ut er det ingen veg tilbake, vi må derfor tenke oss nøye om før vi raserar naturen for alltid.

.....
Erik Seime